

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad:
Møtedato: 18.08.03 **Tid:** 0900

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5 , inkl. varamenn:

Arne Jørgensen møtte ca. kl 10.00. Han var til stades ved handsaming av alle sakene.

Andre som var tilstade på møtet:

Personalsjef møtte ved handsminga av sak 35

Kommunekasserar møtte ved handsaming av sakene 30 og 34

Leiar av teknisk eining møtte ved handsaming av sak 31

Administrasjonssjef

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 21. august 2003 23. mars 2012

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Det var semje om å handsama ei ekstra sak om industritomt i Rolvsvåg. Med denne endringa vart innkalling og saklista samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Magda Haugen ba om oversikt over status for bustadfeltet på Lønnebakken. Det vart frå administrasjonen si side orientert om kor mange formelle overdragingar som har skjedd. Vidare om planar for fleirbustadhus.

Ho spurde og om ansvar for merking av grunnar og undervass-skjer. Ho viste særleg til område ved Lahamaren der det er mykje småbåttrafikk samstundes som folk badar her. Administrasjonen vil undersøka og koma attende med svar ved eit seinare høve.

Ole Totland viste til vedtaket i trafikksikringsplanen om nedsetting av fartsgrensa i Eikedalen. Han ba om at det vart presisert overfor Statens Vegvesen at det var fatta kommunalt vedtak om fartsgrense på 60 km/t. Bakgrunnen for dette er innspel frå ein av oppsitjarane i Eikedalen. Administrasjonen har vore i kontakt med Statens vegvesen i aktuell sak. Dei ulike tiltak i trafikksikringsplanen må takast opp som eigne tiltak etter som dei er prioritert. Spørsmålet om nedsetjing av fartsgrensa i samsvar med vedtak vert fulgt opp av administrasjonen.

Björg Solvang spurde om nokon hadde vist interesse for brakkene ved kommunehuset. Administrasjonen orienterte om at det var gått spørsmål til friviljug lag, og det vil gå ytterlegare spørsmål her før brakkene evt. vert lyst ut. Kommunen skal ikkje bruke dei sjølv.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

- Fylkesmannen sitt skriv med godkjenning av årsbudsjettet 2003
- Fylkesmannen si melding om at Samnanger kommune er ført opp i registeret ROBAK pga. at det ikkje er vist inndekking for alle utgiftene i økonomiplan
- Klage på vedtak om ambulansedrift. Saka vil verta fulgt opp vidare av ordførar og adm.sjef.
- Lesarinnlegg i Samningen om breiband. Det vart drøfta om kommunen v. Ordførar/administrasjonssjef skal fylgja opp lesarinnlegg. Det vart i møte opplyst at innsendaren har fått skrifleg melding om å ta kontakt med kommunen sin sakshandsamar for innsyn i den informasjonen som er offentleg, noko han ikkje har gjort.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr.	Tittel
0027/03	01/00597	DELEGERING AV MYNDE TIL BIR - KLAGEHANDSAMING AV RENOVASJONSSAKER
0028/03	03/00008	TILLEGGSLØYVING TIL DEKKING AV INNØYSING AV VERDIBREV
0029/03	03/00008	SØKNAD OM TILLEGGSLØYVING TIL DEKKING AV UTGIFT TIL FOND FOR PASIENTSKADEERSTATNING
0030/03	03/00008	TILLEGGSLØYVINGAR TIL DEKKING AV LØNSOPPGJER 2003
0031/03	03/00021	KOMMUNALE AVGIFTER 2003 - FLEIRBUSTADHUS
0032/03	03/00290	TRIVSELSGRENDA - FINANSIERING FRÅ KOMMUNEN
0033/03	03/00346	FORELDREBETALING I BARNEHAGANE
0034/03	03/00348	KJØP AV MJØLKEKVOTE. SØKNAD OM KOMMUNALT TILSKOT
0035/03	03/00330	REVISJON AV SÆRAVTALE FOR LEIARAR
0036/03	03/00162	Unnateke offentleg innsyn §6

0027/03

DELEGERING AV MYNDE TIL BIR - KLAGEHANDSAMING AV RENOVASJONSSAKER

Handsaming i møte:

Utvalet hadde ikkje noko å merkja til at BIR får delegert mynde. Saka vert endeleg avgjort av kommunestyret.

Vedtak:

I medhald av § 11 i Kommuneleva delegerar kommunestyret i Samnanger mynde til å handsama klagar på renovasjonsområdet til klagenemnda i BIR.

BIR – klagenemnd er endeleg handsamings- og avgjerdsmynde for klagesaker i samsvar med § 17 i "Forskrift for innsamling av forbruksavfall" dagsett 7. desember 2002. Nemnda fattar vedtak i samsvar med mandat fastsett i vedtektene til BIR a.s.

0028/03

TILLEGGSLØYVING TIL DEKKING AV INNLØYSING AV VERDIBREV

Framlegg til vedtak::

Det vert tilleggslyvd kr 250.000 til konto nr. 1.1400.2835 verdibrev tilskot. Summen vert finansiert ved bruk av tilleggslyvingar konto nr. 1.1200.1800.4900.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert tilleggslyvd kr 250.000 til konto nr. 1.1400.2835 verdibrev tilskot. Summen vert finansiert ved bruk av tilleggslyvingar konto nr. 1.1200.1800.4900.

0029/03

SØKNAD OM TILLEGGSLØYVING TIL DEKKING AV UTGIFT TIL FOND FOR PASIENTSKADEERSTATNING

Framlegg til vedtak::

Det vert tilleggslyvd kr 6.000,- til dekking av utgift til fond for pasientskadeerstatning. Utgiftene vert å føra på konto nr. 1.3002.1853 ansvarsforsikring og finansiert ved bruk av konto for tilleggslyving 1.1200.1800.4900.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert tilleggslyvd kr 6.000,- til dekking av utgift til fond for pasientskadeerstatning. Utgiftene vert å føra på konto nr. 1.3002.1853 ansvarsforsikring og finansiert ved bruk av konto for tilleggslyvving 1.1200.1800.4900.

0030/03

TILLEGGSLØYVINGAR TIL DEKKING AV LØNSOPPGJER 2003**Handsaming i møte:**

Med dei vedtaka som er fatta tidlegare i møtet, og med varsel om at det i budsjettet for 2003 er rekna med for høge inntekter frå skatt på eiga og inntekt og i overføring frå staten – rammetilskot, gjekk mykje av diskusjonen på korleis me skulle forhalda oss til manglande midlar på konto for tilleggslyvving. Konklusjonen vart at resterande sum på kontoen skulle disponerast fullt ut, dvs. kr 180.000 til dekking av lønsoppgjeret og resterande del til dekking av redusert inntekt skatt.

Utvalet ba samstundes om at einingsleiarane vart gjort kjend med situasjonen, og at forbruket måtte haldast innan dei gitte rammer.

Vedtak:

Det vert føreteke ombudsjettering for å dekke utgifter til lønsoppgjeret i samsvar med vedlegg. Dette inneber at konto nr. 1.1200.1800.4900 tilleggslyvvingar vert redusert med kr 180.000 og at konto nr. 1.1200.1800.4901 vert redusert med kr 500.000.

Konto nr. 1.9000.8000.8700 skatteinntekter vert redusert med kr 234.000 og konto nr. 1.1200.1800.4900 vert redusert med kr 234.000.

Med dette vedtaket er det ikkje att disponible midlar på konto for tilleggslyvvingar. Det inneber at dei budsjettansvarlege må vera sær påpasselege i høve til tildelt økonomisk ramme.

0031/03

KOMMUNALE AVGIFTER 2003 - FLEIRBUSTADHUS**Framlegg til vedtak::**

Gebyr for handsaming av byggjesaker og tilnytingsgebyr for vatn og kloakk vert endra slik med verknad frå 01.09.03:

Gebyr for handsaming av byggjesøknad:

Bustad/ Fritidshus

Første eining uansett storleik:	2.853
tillegg pr eining > 80 m2 BRA	1.500
tillegg pr eining < 80 m2 BRA	1.000

Næringsbygg o.l.

Bygg under 500 m2 BRA	2.853
Bygg over 500 m2 BRA	5.000

Meldingssaker/ enkle tiltak

meldingssaker	749
enkelt tiltak	1.500

Tilknytingsgebyr for vatn og kloakk

Nybygg bustader/ fritidshus**Vatn****Kloakk**

Første eining uansett storleik:	9.900	9.900
tillegg pr eining under 80 m2 BRA	3.000	3.000
tillegg pr eining over 80 m2 BRA	6.000	6.000

Maksimumsgebyr 30.000

For eksisterande bustad-/ fritidshus og for næringsbygg vert det ingen endringar.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Gebyr for handsaming av byggjesaker og tilnytingsgebyr for vatn og kloakk vert endra slik med verknad frå 01.09.03:

Gebyr for handsaming av byggjesøknad:

Bustad/ Fritidshus

Første eining uansett storleik:	2.853
tillegg pr eining > 80 m2 BRA	1.500
tillegg pr eining < 80 m2 BRA	1.000

Næringsbygg o.l.

Bygg under 500 m2 BRA	2.853
Bygg over 500 m2 BRA	5.000

Meldingssaker/ enkle tiltak

meldingssaker	749
enkelt tiltak	1.500

Tilknytingsgebyr for vatn og kloakk

Nybygg bustader/ fritidshus**Vatn****Kloakk**

Første eining uansett storleik:	9.900	9.900
tillegg pr eining under 80 m2 BRA	3.000	3.000
tillegg pr eining over 80 m2 BRA	6.000	6.000

Maksimumsgebyr 30.000

For eksisterande bustad-/ fritidshus og for næringsbygg vert det ingen endringar.

0032/03

TRIVSELSGRENDA - FINANSIERING FRÅ KOMMUNEN**Framlegg til vedtak::**

Det vert avsett kr 20.000 til prosjektet trivselsgrenda. Midlane vert teke av kommunalt næringsfond. Utgiftene vert å føra på ny funksjon 3604 ”trivselsgrenda”.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert avsett kr 20.000 til prosjektet trivselsgrenda. Midlane vert teke av kommunalt næringsfond. Utgiftene vert å føra på ny funksjon 3604 ”trivselsgrenda”.

0033/03

FORELDREBETALING I BARNEHAGANE**Handsaming i møte:**

Utvalet var samde om at satsane bør setjast ned frå 01.08.03 til kr 2.500 pr. mnd. med tillegg av betaling for mat.

Vedtak:

Kjøp av 5-dagarstilbod: kr. 2.500,- + mat kr. 155,-.

Kjøp av 4-dagarstilbod: kr. 2.000,- + mat kr. 140,-.

Kjøp av 3-dagarstilbod: kr. 1.500,- + mat kr. 107,-.

Kjøp av 2-dagarstilbod: kr. 1.000,- + mat kr. 75,-.

Som tidlegare vil det verte høve for kjøp av einskilde dagar til kr. 168,-. Dette er inkl. mat, kan ikkje kombinerast med syskenrabatt.

Syskenmoderasjon held fram som før: 30% for barn nr. 2, og evt. fleire barn i same hustand.

15% for kvar sysken i kommunal og privat barnehage.

0034/03

**KJØP AV MJØLKEKVOTE.
SØKNAD OM KOMMUNALT TILSKOT**

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune finn ikkje å kunne gå inn med tilskot til kjøp av mjølkekvote. Grunngevinga for vedtaket er at det ikkje er frie driftsmidlar, og at vedtektene for det kommunale næringsfondet set restriksjonar på tilskot til landbruksnæringa. Søkjaren vert vist til Samnanger næringsforum som disponerer midlar gjennom fondet ”kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift”.

Handsaming i møte:

Utvalet var samde om at søknaden frå Ove Aasebø skulle innvilgast, og at tilskotet skulle finansierast ved bruk av næringsfondet.

Vedtak:

Samnanger kommune støyr Ove Aasebø med eit tilskot på kr 35.000 til delfinansiering av kjøp av mjølkekvote. Tilskotet vert finansiert ved bruk av næringsfondet. Utgiftene vert ført på konto nr. 1.1400.3251.4700

0035/03

REVISJON AV SÆRAVTALE FOR LEIARAR

Framlegg til vedtak::

Saka vert lagt fram utan tilråding frå administrasjonssjefen.

Handsaming i møte:

Utvalet drøfta saka. Administrasjonssjefen var ikkje med i desse drøftingane. Utvalet bestemte å utsetja endeleg handsaming til neste møte.

Vedtak:

Saka vert utsett.

0036/03

Unnateke offentleg innsyn §6